



(Foto: Ola Matti Mathisen)

Nå er dei sju dvergane på plass i nyreinsa stand i Aktivitetshuset. Dei heng i endeveggen mot fjorden og er ein vakker og passande dekorasjon. Dette er også utan tvil den rette staden å henga dvergane, ettersom det gjeld eit skule-klenodium.

Det vart laga for rundt 25 år sidan av nokre av klassane med hjelp av einskilde av foreldra og så hengt opp som sceneteppa i den gamle gymnastikksalen. Der gjorde det teneste i alle år heilt til Aktivitetshuset kom. Og med det samme vi er i Aktivitetshuset: Nå er mange fleire støydempende plåter hengt opp under taket og akustikken er mykje betre enn før.

Det går smått om senn framover med storstova i bygda! (Foto: Ola Matti Mathisen)